

REGULERINGSENDRING
DETALJREGULERING BN10 SESSNESET, VESTNES KOMMUNE

PROSESS

01.02.2023



PlanID 15350166

1 OPPSTART

TIDSLINE

- 07.01.2022 Planinitiativ
- 03.02.2022 Oppstartsmøte med Vestnes kommune
Referat
- 09.03.2022 Oppstartsvarsel, sendt brev til naboar og høyringsinstansar
Adresseliste
Annonse i Vestnesavisa
- 20.04.2022 Frist for innspel
Mottatt innspel frå følgjande:
Statens vegvesen
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE
Eigaren av gnr. 5 bnr. 114
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Oppsummering og kommentarar til innspela følgjer nedanfor.
- 06.09.2022 Brev til Vestnes kommune og høyringsinstansar om at plangrensene bli redusert til å gjelde areal berre mellom fylkesvegen og sjøen, dvs. slik det gjekk fram av planinitiativet.

I tillegg til oppstart av reguleringsplanarbeidet i samsvar med plan- og bygningslova, er det gjort utgreiingar og sendt inn søknad om løyve til etablering av landbasert anlegg for oppdrett av matfisk etter akvakultur-, mat-, dyrevelferds-, forurensnings-, naturmangfold-, friluft-, vannressurs- og havne og farvannsloven.

2 INNSPEL

Statens vegvesen

Statens vegvesen meiner det er uheldig å planlegge for «*tosidig utbygging*». «*Vi oppfordrer derimot til at ytterligere tilrettelegging for næring øst for fylkesvegen blir tilstrekkelig utredet med tanke på Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging før det åpnes for slik utbygging*».

«*Behovet for ev. tilrettelegging for mjuke trafikanter, kollektiv, sykkelparkering osv. må også utredes*».

Kommentar:

Jfr. brev datert 06.09.2022 med melding om at varsla planområde aust for fylkesvegen er tatt ut av planforslaget.

Tilhøva for mjuke trafikantar, kollektiv, sykkelparkering m.m. er vurdert i planomtalen.

Fiskeridirektoratet

Direktoratet viser til kartlegging av kystnære fiskeridata, der eit område for passive fiskereiskapar i Tresfjorden, men vurderer at «*Ikke er forhold som skulle tilsi at en detaljregulering som planlagt vil komme i vesentlig konflikt med kartlagte fiskeriinteresser, eller ha negativ påvirkning på bruken av fiskeområdet.*»

Vidare blir det vist til registrert gytefelt for torsk i Tresfjorden. Ved eventuelle tiltak som fylling og peling i sjøen, må ein ta omsyn til dette. I planen må det stillast krav om reine utfyllingsmassar, krav til metode for fyllingsarbeidet, og avgrensing av tidsrommet for når på året arbeidet kan skje.

Kommentar:

Informasjonen til Fiskeridirektoratet blir tatt inn i grunnlaget for planarbeidet., og i reguleringsføresegnene er det stilt krav til eventuelt utfyllingsarbeid, og korleis dette skal gjennomførast.

Kystverket

«*Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.*»

Kystverket har ikkje kommentarar til kommunen si vurdering om at planen ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing.

Kystverket gjer merksam på at hamneaktivitet (ved kai) ofte medfører støy, og at ein må vurdere dette i planarbeidet.

Vidare at god tilkomst til kaiområde er viktig og må innarbeidast i planen.

Kommune må elles sjå til at leidningar i sjøen ikkje kjem i konflikt med ferdsel og oppankring på sjøen.

Kommentar:

Reguleringsplanen vil ikkje føre til ferdsel og trafikk på sjøen bli hindra. Aktuelle båtar som

skal til kai, må innordne seg vanlege reglar for sjøverts trafikk, og vil ikkje føre til ulemper for eksisterande trafikk på Tresfjorden.

Plassering av nødvendige leidningar på sjøbotnen er avklart gjennom akvakultursøknaden, og vil i sin tur bli rapportert, slik at dei blir lagt inn i kartverket.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Område langs Sesselva er i aktsemdskart vist som utsett område for flaum og erosjon, og ROS-analysen må avklare den reelle faren. Med omsyn på erosjonsfare skal det settast av ei tryggleikssone på minimum 20 m mellom elv og framtidige bygningar.

Då området ligg under marin grense, må fare for kvikkleire/kvikkleireskred avklarast.

Dersom lausmassar i området er gamalt skredmateriale, må også tryggleiken mot mogleg skred greiast ut.

Det må settast av vegetasjonsbelte langs elva, og det blir vist til kva arealbruksformål som skal brukast i plankartet.

Dersom det skal gjerast inngrep i denne sona, må det greiast ut konsekvensane dette vil ha for ålmenne interesser som «*fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitenskaplege interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.*»

Det blir gjort merksam på at eventuelt uttak av ferskvatn krev konsesjon etter vassressurslova.

Eksisterande nettstasjon med tilhøyrande kraftline bør merkast i planen som teknisk infrastruktur.

Kommentar:

Flaumfaren er utgreidd og vurdert i rapport frå Sunnfjord Geo Center As, datert 10.06.2022. Denne viser kva område som er utsett for flaum i Sesselva, dimensjonert som 200-års flaum. Rapporten rår til at sikringssone langs elva på min. 20 m blir oppretthalden som eit vegetasjonsbelte. Faresone er vist i plankartet.

Det er gjennomført grunnundersøkingar av Norconsult AS. Jfr. rapport datert 09.06.2022 og oppsummerande kommentar datert 24.08.2022. Oversikta over stadane for prøvetaking viser at det er tatt prøver langs heile strandlina.

Resultatet viser at det ikkje er påvist kvikkleire, og at massane er stabile friksjonsmassar.

Reguleringsplanen vil vise ei gangbru over elva så nær fylkesvegen som er råd. Verknadane av denne er vurdert i planomtalen.

Det skal ikkje leggst nytt inntak av ferskvatn frå Sesselva.

Med dei endra plangrensene, er ikkje nettstasjonen omfatta av reguleringsplanen

Eigarane av gnr. 5 bnr. 114

Gnr. 5 bnr. 114 er ein bebygd nausteigedom. Eigedommen vil bli sterkt påverka av ei utbygging her, og ber om at denne blir tatt omsyn til i samråd med eigaren.

Ein kommenterer også saksgangen knytt til akvakultursøknaden som er sendt inn til behandling.

Kommentar:

Nausteigedomen ligg slik til at den vanskeleg kan oppretthaldast ved full utbygging i samsvar med reguleringsplanen. Difor er det regulert inn område i nord for plassering av erstatningsnaust.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren er ikkje einig med oppstartsvarselet om at reguleringsarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Arealet ovanfor fylkesvegen er ikkje avklart i kommuneplanen, og det blir bedt om ei ny vurdering av KU-kravet.

Med omsyn på forureining rår Statsforvaltaren «frå å legge til rette for oppdrettsanlegg langt inne i ein fjord, då miljøkonsekvensane her vil vere større enn i dei opne kystområda.» Ein er redd for utslepp i sjøen, og ber om at det blir sett av nok areal til reinseanlegg som gir tilstrekkeleg reinsegrad.»

Ein forutset at det ikkje skal planleggast for ei massiv utfylling i sjøen.

Støytilhøva må avklarast. Eventuelle skjermingstiltak må takast inn i reguleringsplanen.

Det blir vist til ei eldre registrering av nordflaggermus, og det må difor settast av ein god kantsone langs elva som eit mogleg habitat for denne.

Det er registrert uønska artar, hagelupin og platanlønn, i planområdet. Føresegnene må innehalde tiltak for ikkje at desse blir spreidde i anleggsfasen.

Det må ikkje gjerast inngrep/tiltak i elva som påverka tilhøva for anadrom fisk, og det må settast av tilstrekkeleg kantsone/buffersone langs elva.

Det må gjerast greie for dei ålmenne interessene i området.

Med omsyn på strandsona og verdiane knytt til denne, ber ein om at det blir lagt opp til ei utbygging som ikkje krev store inngrep i strandsona og dominerer for mykje i landskapet.

Med visning til vassressurslova § 11 ber ein om at kantsona blir fastsett i planen og sikra med tilhøyrande føresegner.

ROS-analysen må vurdere effekten av klimaendringar, om området er utsett for slike, og moglege konsekvensar. Det må leggast vekt på heilskaplege løysingar og ivaretaking av økosystem og arealbruk.

Det blir vist til Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegging som legg føringar for planarbeidet, og minner om at omdisponering av areal som er i bruk til leik, skal erstattast med fullverdig areal.

Kommentar:

Planområdet er no redusert og avgrensa i samsvar med kommuneplanen. Framtidig bruk av området aust for fylkesvegen vil då måtte bli avklara i ny kommuneplans arealdel. Kravet om konsekvensutgreiing på grunn av manglande planavklaring fell såleis bort.

Eige reinseanlegg for avlaupsvatn skal etablerast inne på regulert næringsområde, som ein del av tiltaket sin infrastruktur. I føresegnene er det stilt krav om at det blir tatt høgde for auke

av reinsekravet. Ein viser elles til akvakultursøknaden med tilhøyrande søknad om utsleppsløyve.

Det er gjort ei eigen støyvurdering, utført av Norconsult AS, datert 02.10.2022. Denne viser at det ikkje er nødvendig med store tiltak, men at avsug/vifter blir orientert bort frå nabobygningar, dvs. nord/vest.

I reguleringsplanen er det sett av ein buffersone/vegetasjonsbelte/sikringssone langs elva. Denne vil vere eit tiltak også for å oppretthalde habitatet for flaggermus, kvaliteten i og langs elva for fisk og krava i vassressurslova.

I reguleringsføresegnene er det stilt krav for å hindre spreining av uønska artar, som innanfor redusert planområde først og fremst er platanlønn.

Planomtalen omfattar dei ålmenne interessene i området.

I ROS-analysen er det avdekka uønska hendingar, som også er ein følge av klimaendringar. Desse er dimensjonerte inkl. «klimapåslaget». Planen er tilpassa konklusjonane i ROS-analysen.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen er ikkje samd i kommunen sin konklusjon om at krav om konsekvensutgreiing ikkje vil vere gjeldande. «Sjølv om deler av området i dag er nytta til landbasert oppdrett, så er dette i seg sjølv ikkje eit argument for ikkje å gjennomføre konsekvensutgreiing (KU) dersom tiltaket som no er omsøkt utløyser krav om KU og dersom dagens aktivitet ikkje er konsekvensutgreidd på tiltaksnivå. Det er ikkje vist til slik utgreiing.» Det blir også vist til § 8 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Planen må greie ut konsekvensane for nyare tids kulturminne/kulturmiljø, og eventuelt konkretisere avbøtande tiltak.

Det er ikkje stilt krav om arkeologiske undersøkingar med omsyn på automatisk freda kulturminne, men gir forslag til føresegner knytt til eventuelle nye funn under anleggsarbeid. Det kan bli stilt krav om marin arkeologiske undersøkingar, etter at planforslaget er sendt ut.

«Kombinasjonen bustad og næring tett innpå kvarandre ser vi fleire døme på kan skape konflikt vedrørande støy, lys og visuelt.»

Byggegrense langs fylkesvegen er i utgangspunktet 30 m.

Ei tosidig utbygging må vurderast særskilt med omsyn på trafikktrygging og trafikkuake. Avkøyrsløse til fylkesvegen må utformast i samsvar med N100. Plasseringa av avkøyrsløse i nord er uheldig.

Sikkerheitssona + 2 m langs fylkesvegen skal regulerast til annan veggrunn.

Støy må bli vurdert etter T-1442.

Kommentar:

Forholdet til konsekvensutgreiing er omtala i planomtalen, der ein konkluderer med at ytterlegare konsekvensutgreiing ikkje er naudsynt.

Det har vore synfaring med fylkeskommunen vedrørande aktuelt kulturminne. Kulturminnet er omtala i planomtalen og innarbeidd i plankartet.

Under forslagsfasen

Under utarbeiding av reguleringsforslaget har følgjande tema vore sett nærare på:

Nyare tids kulturminne

Dette gjeld sagbruket på gnr. 5 bnr. 12. Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, var på synfaring 05.09.2022. I oppsummering datert 03.10.2022 går det fram at sagbruket med vassrenne og uthus må regulerast med omsynssone for bevaring. Likeins bør naustrekka bevarast, i det minste må det eldste naustet sikrast, evt. ved flytting.

Den 02.11.2022 vart det halde møte hos fylkeskulturavdelinga der både tiltakshavar og eigaren av sagbruket, gnr. 5 bnr. 12, var til stades.

Etter dette har tiltakshavaren i notat av 07.11.2022 gitt ei grunngjeving for at ein ønskjer at slikt vern av sagbruket ikkje blir gjort gjeldande.

Den 30.01.2023 har fylkeskulturavdelinga i telefon gitt tilbakemelding om følgjande:

- Primært ønskjer ein at sagbruk og tilhøyrande anlegg bli regulert til bevaring. (Avdelinga har tidlegare gjort det klart at vernet gjeld eksteriøret av bygninga, og at innvending kan ein gjere dei tilpassingane ein finn nødvendig for eventuell anna bruk.)
- Det kan vere eit alternativ at bygningen blir demontert for så å bli ført opp att ein annan stad.
- Den siste løysinga er at det blir gjennomført ein dokumentasjon av bygning og anlegg før det eventuelt blir gitt løyve til riving. Tiltakshavaren kan ikkje rive bygningen/anlegget før ein veit at utbyggingsprosjektet blir realisert.

Kommentar:

Som det gjekk fram av notat datert 07.11.2022 meiner tiltakshavar at på eit så avgrensa område som dette er, vil det vere vanskeleg både å ta vare på og gje bygningen ein fornuftig bruk. Endå vanskelegare å få til ei praktisk formidling av denne delen av båtbyggjarhistoria.

Å demontere bygningen vil måtte krevje at det er interessentar som vil ta i mot og sette opp att bygninga, og drifte denne som ein del av båtbyggjarhistoria. Dette vil bli drøfta med Vestnes kommune/Vestnes båtbyggjarmuseum.

Tiltakshavar og forslagsstillar vil fremje planforslag i tråd med siste alternativ, og vil ta opp ein dialog med grunneigaren, Vestnes kommune og Båtbyggjarmuseet Fartøysamlingane i Vestnes om korleis dette skal gjerast.

Byggegrense

Vegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensiert byggegrense gitt haldningsklasse «mindre streng», med byggegrense 30 m målt frå senterlinja på fylkesvegen.

Møre og Romsdal fylkeskommune vart forespurt om denne kunne reduserast til 20-15 m. I e-post datert 19.10.2022 har fylkeskommunen svara at ein aksepterer 20 m.

Kommentar:

Gjennom førebunde prosjektering av tiltaket ser ein at skal ein kunne plassere bygningselementa på tomta, og samtidig få til ein god logistikk utan å gå til omfattande utfylling i sjøen (som ein i planforslaget har avgrensa så mykje som praktisk mogleg), må bygningane komme nærare enn 20 m målt frå senterlina av vegen.

Ein vurdere at dette ikkje representere nokon trafikkfare eller hinder for trafikkavviklinga. Det vil vere baksida av bygningane som vender opp mot vegen, og ingen anna aktivitet enn vedlikehald vil skje her. I tillegg ligg dette i ytterkurve, og påverkar såleis ikkje siktforholda. Ein legg i tillegg til grunn at trafikktalet på vegen ikkje er større enn ÅDT 750.

Planforslaget blir difor fremja med 15 m byggegrense.

Automatisk freda kulturminne

I sitt innspel til reguleringsarbeidet, brev datert 21.04.2022, krev Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje at det blir gjort arkeologiske registreringar før reguleringsforslag kan behandlast. Men ein «ber om at meldeplikta for funn av automatisk freda kulturminne» blir tatt inn i reguleringsføresegnene. Dette er gjort.

21.10.2022 kom det likevel eit krav om slik registrering. Denne vart gjennomført den 05.12.2022, og i e-post den 07.12.2022 er det gitt melding om at det ikkje vart gjort noko funn.

Vedlegg: Planinitiativ
 Referat frå oppstartsmøte
 Varsel om oppstart
 Adresseliste
 Annonse
 Innspel
 Brev til Vestnes kommune og høyringsinstansar om endra planområde.
 E-post etter synfaring nyare tids kulturminne
 Notat frå tiltakshavar om nyare tids kulturminne
 E-post frå Møre og Romsdal fylkeskommune om byggegrense
 E-post frå Møre og Romsdal fylkeskommune om gjennomførte arkeologiske registreringar